



Vaksdal Underhaldningslag
v/ Pia Therese Njaastad Mæland
Skulstadvegen 46, 5263 Trengereid

Bygdeutviklingsutvalet
Vaksdal Kommune

17.01.2023

Søknad om underskotsgaranti for Vintertreffet 2023

Vaksdal Underhaldningslag vil med dette søkja om underskotsgaranti for Vintertreffet 2023 på opp til 79 500 kr (10 % av budsjettet).

Bakgrunn for søknad:

Vaksdal Underhaldningslag vart skipa hausten 2004, men dei same personane har hatt arrangement på Vaksdal sidan 1997. Laget er allmennyttig med det føremål å få nasjonale og lokale artistar til Vaksdal. I tillegg vert delar av eit eventuelt overskot ført tilbake til lag og organisasjonar i Vaksdal kommune. Over desse åra har laget gjeve tilbake meir enn 1 200 000 kr til lag og organisasjonar som har bidrege til gjennomføringa av arrangementa. Johnny Logan, Åge Aleksandersen, DDE, Hellbillies, Halvdan Sivertsen, Tor Endresen, Return, Sigvart Dagsland og Vamp er døme på nokre av artistane som har vore på Vaksdal i regi av Vaksdal Underhaldningslag.

Me har diverre erfart at det år for år har blitt vanskelegare å gjennomføra Vintertreffet reint økonomisk. Døme på det er fjorårets arrangement som hadde eit underskot på 40 000 kr. Slike tal klarar ikkje laget i lengda. Som følgje av det har me i år redusert budsjettet med 85 000 kr., noko som har ført til at Barne- og familiekonserten diverre er tatt vekk frå programmet. I tillegg har me måtta redusere talet på artistar.

Årsaka til at det vert vanskelegare å arrangera slike arrangement er mange, og ikkje noko som er spesielt for Vintertreffet og Vaksdal. For det fyrste har prisen på nasjonale artistar auka kraftig år for år og det same har utgiftene til andre ting som til dømes lyd og ljós. Eit av våre faste innkjøp har steget frå 18 000 kr til 120 000 kr i løpet av desse åra.

Ei anna årsak til at det det er vanskelegare tider for Vintertreffet og andre distriktsarrangørar skuldast bransjen og samfunnsutviklinga. Mange artistar gjer i dag færre, men større arrangement. Ein del spelar heller ikkje vinterstid eller for under 1000 tilhøyrarar. Det er klart at me som distriktsarrangør får det tøft i ein slik marknad.

Inntektssida er det diverre vanskeleg å gjera noko med. Bygdas einaste eigna lokale har kapasitet til maks 300 – 400 personar. Det å auka billettprisane er heller ikkje noko alternativ i desse usikre tider kor arrangørar over heile landet melder om dårlegare sal enn tidlegare år. Dette merkar me også her på Vaksdal. Billettsalet til Vintertreffet er i skrivande stund noko dårlegare enn tidlegare år, diverre.

I ljøs av situasjonen som er beskrive ovanfor, er det mykje som tydar på at det i framtida ikkje vert mogleg å arrangere Vintertreffet eller liknande arrangement i distrikta. Dette synes me er svært leit. I håp om å forlenga levetida til Vintertreffet (og andre lokale arrangement), ser me oss no nøydd til å søkja kommunen om ein underskotsgaranti. Forhåpentlegvis vil eit positivt vedtak her bidra til at også andre arrangørar i kommunen kan halda fram ved hjelp av underskotsgaranti frå kommunen. Vår meining er at dette er fornuftig bruk av bygdeutviklingsmidlar. Avslag på slike søknader vil med tida føra til avvikling og eit vesentleg svekka kulturtilbod i kommunens mange bygder. Det er vel heller dårleg bygdeutvikling.

Me ser det som mest rettvist å søkja kommunen om underskotsgaranti for ein viss prosent av budsjettet, og ikkje ein tilfeldig sum. Procentsatsen kan fungere som presedens for andre søknader. Elles kan ein risikera arrangement utan risiko for arrangøren. I skrivande stund ser det ut som om budsjettet til Vintertreffet 2023 vil ligga på cirka 795 000 kr. Me i Vaksdal Underhaldningslag ser det derfor som nøkternt å be kommunen om ein underskotsgaranti på maksimalt 10 % av budsjettet, tilsvarende 79 500 kr.

Me vil samstundes gjera utvalet merksam på at me sjølvsagt alltid prøver å få til eit overskot på arrangementet, med den konsekvens at det ikkje vil bli noko utbetaling frå kommunen si side. Dersom eit eventuelt underskot viser seg å vera mindre enn 79 500 kr, vil sjølvsagt utbetalinga frå kommunen bli redusert tilsvarende.

Det er også verd å merka seg at utvalet har behandla liknande søknader frå Stamnes fiskefestival, Daledagane og Elvebrus med positivt utfall. Noko av forskjellen er at me søkjar ein underskotsgaranti og ikkje eit tilskot. Det meiner me må vera ein fordel for begge partar. Eit arrangement som går med overskot treng ikkje tilskot frå kommunen i etterkant, sjølv om det har vore resultatet i utvalet tidlegare. Eit positivt vedtak i denne saka vil derimot trekkje opp rettvise retningsliner for ettertida. Vårt håp er at bygdeutviklingsmidlane soleis kan bidra til levande bygder også i framtida. Det vil vera til stor glede for folk i alle bygdene, noko som igjen vil gagne Vaksdal som kommune.

Håpar på positivt svar!

Med venleg helsing

Vaksdal Underhaldningslag
v/ Pia Therese Njaastad Mæland